

Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

DATO: 22.12.2015

MØTESTAD: Helse Vest RHF, Stavanger

Utvalsmøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå utvalet

Lise Reinertsen	Leiar
Gunnar Berge	Medlem

Forfall frå utvalet

Lise Karin Strømme	Medlem
--------------------	--------

Deltakar frå administrasjonen

Administrerande direktør Herlof Nilssen (delar av møtet)
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Forfall frå administrasjonen

Eigardirektør Ivar Eriksen

Deltakarar frå internrevisjonen

Leiar for internrevisjonen Bård Humberstet (sekretær for komiteen)

Sakliste:

Sak 31/15 B Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 32/15 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 14.10.2015
Sak 33/15 O Status frå internrevisjonen og nytt prosjektmandat
Sak 34/15 O Revisjonsrapport – Korridorpatientar
Sak 35/15 O Prioritering av prosjekt i vedtatt revisjonsplan: Forskingsaktivitet
Sak 36/15 O Revisjonsplan 2016-2017
Sak 37/15 B Kommande møte
Sak 38/15 B Eventuelt

Sak 31/15 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 32/15 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 14.10.2015

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 14.10.2015.

Sak 33/15 O Status frå internrevisjonen og nytt prosjektmandat

Oppsummering:

Utvalet fekk orientering om status på igangverande revisjonsprosjekt. Videre drøfta utvalet framtidige prosjekt og korleis ein bør prioritere. Det vil venteleg bli lagt fram rapport frå prosjekt om uønskte hendingar til neste møte. Internrevisor orienterte òg om at det er gjort ei vurdering av handtering knytt til tidspunktet for når revisjonsrapportar er offentlege dokument.

Framlagt prosjektmandat knytt til gevinstrealisering av byggeprosjekt vart drøfta. Her kom det fram at det ville vært interessant å høyre korleis andre gjer det, til dømes Statsbygg og Sykehusbygg. Kva suksessfaktorar gjer seg gjeldande? Utvalet viste til Rattsø og produktivitetskommissjonen som ei kjelde til informasjon. Endra rammevilkår undervegs i byggeprosjekt (dimensjonering etc.) gjer det vanskeleg å følgje dei over tid, og ein bør søkje å gå inn i ulike stadier av prosjekta.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering og viser til det som kom fram under drøftinga av nytt prosjektmandat knytt til byggeprosjekt.

Sak 34/15 O Revisjonsrapport – Korridorpasientar

Oppsummering:

Internrevisor gjekk gjennom rapporten og gjorde merksam på at den allereie har vore behandla i føretaksstyret i Stavanger. I drøftinga vart det kommentert at det skal bli spanande å sjå om den positive utviklinga held seg gjennom 2016.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar rapport frå internrevisjon av arbeidet med korridorpasientar i Helse Stavanger til orientering.

Sak 35/15 O Prioritering av prosjekt i vedtatt revisjonsplan: Forskningsaktivitet

Oppsummering:

Fagdirektør Baard-Christian Schem deltok i møtet over telefon. Spørsmålet har vore vinklinga og tidspunktet for igangsetting av revisjonsprosjekt knytt til forskingsfeltet. Schem viste til at ein hausten 2015 hadde begynt på ei omlegging av vurderingskriteria knytt til fordeling av tilskot til forskning frå RHF-et. Etter påtrykk frå HOD blir det nå lagt inn eit sterkare element av nytte, og gjerne nytte knytt til eit kortsiktig tidsperspektiv. Full omlegging vil ikkje skje før ved neste korsveg, hausten 2016. Tilrådinga frå fagdirektør er difor at prosjektet vert utsett til årsskiftet 2016-2017.

Internrevisor viste til at ettersom prosjektet nettopp var retta mot nytteverdi og læring av forskingsprosjekt, vil det vere mest gunstig å sjå an første heile behandlingsprosess – altså at ein prolungerer prosjektet inn i ny revisjonsplan 2016-2017.

Det vart i drøftinga òg vist til eit notat til det regionale brukarutvalet om brukarmedverknad i forskning, og det vart vist til at rusforskning er lite utvikla. Dette er noko som blir tatt med vidare inn i revisjonsplanlegginga.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering og meiner at oppstart av prosjektet bør utsetjas til etter årsskiftet 2016/2017.

Sak 36/15 O Revisjonsplan 2016-2017**Oppsummering:**

Utvalet drøfta prosess for utvikling av ny revisjonsplan. Internrevisor gjekk gjennom sine aktivitetar i planprosessen (mellom anna møte i regionalt brukarutval og direktørmøte). Det kom òg til drøfting eit mogleg prosjekt innan informasjonstryggleik.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering og ber internrevisor etablere dialog med administrasjonen slik at tematikken kan bli tatt opp på styremøte 10. februar 2016.

Sak 37/15 B Kommande møte**Oppsummering:**

For å rekke styrebehandling av revisjonsplanen i siste møte i februar, ønskjer utvalet å framskande sitt tidlegare vedtekne møte 25. februar til 16. eller 17. februar. Då skal styret til Oslo, og det vart gjort framlegg om å ta møte i utvalet på Gardermoen ein av desse dagane.

Vedteken møteplan for 2016 er elles:

1. april kl 0800-1030 (rekneskap)

17. juni kl 1200-1500

1. november kl 1600-1900 (Her vart det avtalt at administrerande direktør tar del)

6. desember kl 1600-1900

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering. Neste utvalsmøte blir lagt til 16. eller 17. februar.

Sak 38/15 B Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

22.12.2015

Ref. Bård Humberst

Lise Reinertsen (Leiar)

Gunnar Berge (Medlem)

Lise Karin Strømme (Medlem)